



- Ei avsporing kallar FAU ved Rosendal ungdomsskule utspelet frå Elin Legland (biletet) om ein u-skule i Uskedalen.

**FAU ved Rosendal ungdomsskule tek no avstand frå ideen som Elin Legland (Sp) kom med under**

**ettervalmøtet i Gamleskulen og som fekk spontan støtte av Bjarne Lilleaas (V): - Bygg ein felles ungdomsskule for heile fastlands-Kvinnherad i Uskedalen!**

FAU kallar ideen ei avsporing og skriv slik i ei uttale:

"Foreldrearbeidsutvalet ved Rosendal ungdomsskule har merka seg forslaget frå ein skilde politikarar i Sp og Venstre om å byggja ein ny, stor sentral ungdomsskule for heile Kvinnherad.

Vi meiner dette er ei avsporing, som vil kunna forstyrre framdrifta av vedlikehaldet av skulane. "Har du forsømt reinhald og vedlikehald på huset ditt, løyser du ikkje problemet ditt med å byggja nytt hus".

Det er her viktig å minna om at rundt eksisterande ungdomsskular er det også lagt ned store investeringar i tunge infrastrukturar, som til dømes gymsalar, symjebasseng, idrettsanlegg, kunstgrasbanar osv. Investeringane som er lagt ned her kan ein med fordel byggja vidare på, om det skulle vera naudsynt.

Vi er klare over kva økonomisk utfordring det forsømte vedlikehaldet av skular i Kvinnherad representerer, og meiner det er viktig at politikarane no klarlegg årsakene til at dette har fått utvikla seg så langt og over så lang tid, slik at ein unngår at dette gjentek seg.

Vi ønskjer ikkje å bidra til ei krisemaksimering av situasjonen, men å bidra til å finna gode løysingar som sikrar helse og tryggleik for både borna våre og dei tilsette ved Rosendal ungdomsskule"

Bjarne Lilleaas har for sin del bede uskedalen.no om å få koma med denne presiseringa:

'Ser på sida at eg er enig med Elin Legland om at ein bør byggja ein ny ungdomsskule i Uskedalen. Det eg støtta, eller rettare synest var sprekt, er at ein kan luften heilt nye idear.

Personleg trur eg det er totalt urealistisk at ein skal få ein sams ungdomsskule frå Mauranger til Høylandsbygd. Berre så det er sagt!'



Rosendal ungdomsskule er i ein sørgjeleg forfatning. Her går også mange elevar frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)